

## LINDÅS KOMMUNE

### REGULERINGSPLANFØRESEGNER for:

Jf. plan- og bygningslovens (Pbl.) § 12

### Detaljreguleringsplan for NAPPEVIKA SMÅBÅTANLEGG, gnr 129 bnr. 4 m.fl. Plan-ID. 201505

Datert : 02.09.2016

Revidert: 19.03.2023

Reguleringsføresegnene gjeld for området vist med reguleringsgrense på tilhørende plankart i mål 1:1000, dagsett 19.03.2023.

Intensjonen ved planen er å legge til rette for etablering av ei småbåthamn.

#### Planområdet er regulert til følgjande føremål:

<i>Bustader og anlegg</i> (Pbl. § 12–5.1)	Renovasjonsanlegg Småbåtanlegg i sjø og vassdrag Småbåtanlegg i sjø og vassdrag og tilhørende strandzone Uthus/naust/badehus
<i>Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</i> (Pbl. § 12–5.2)	Veg Annan veggrunn– teknisk anlegg Parkeringsplassar
<i>Grøntstruktur</i> (Pbl. § 12-5.3)	Grøntstruktur
<i>Omsynssoner</i> (Pbl. § 12-6.)	Frisikt

## § 1

### FELLES FØRESEGNER

#### 1.1. Terrenghandsaming

- 1.1.1. Parkeringsplass skal utførast mest mogleg skånsamt med omsyn til terren.
- 1.1.2. Terrenghandsaming, planting og tilsåing langs parkeringsareal og vegkantar skal ferdigstilla samtidig med parkeringsplassen. Skjeringar over 1 meter skal ha avrunda topp.
- 1.1.3. Bruk av støttemurar, fyllingar og sprengingar skal vere avgrensa.
  - 1.1.3.1. Murar og skrentar over 1 meter skal terrasserast.

#### 1.2. Anna lovverk

- 1.2.1. Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar vert oppdaga i samband med arbeid innanfor planområdet, skal arbeidet stansast omgåande og fylkeskonservator underrettast, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.
- 1.2.2. Tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området.

## § 2

### REKKEFØLGJEFØRESEGNER

- 2.1. Før det vert gjeve midlertidig bruksløyve eller ferdigattest for småbåtanlegget skal f\_P vere ferdig opparbeidd. Etter at f\_P er etablert skal parkering av køyretøy berre skje på område avsett til parkering eller på eigen eide. Anna parkering vert ikkje tillate.
- 2.2. Før det vert søkt om byggjeløyve, eller seinast i søknad om byggjeløyve for småbåtanlegget skal det dokumenterast at anlegget har sløkkereiskap for brann og tilstrekkeleg sløkkevasskapasitet.
- 2.3. Før det vert søkt om byggeløyve for tiltak i sjø (for blant anna flytebryggje, bølgjebrytar og forankring) skal det føreliggje løyve til gjennomføring av tiltak frå Bergen og Omland Havnevesen. Dette jf. Hamne- og farvasslova.
- 2.4. Søknad om avkjørsle til parkeringsplass f\_P skal godkjennast av vegmynde i kommunen.

### § 3

#### BYGG OG ANLEGG

(Pbl § 12-5. ledd nr. 1)

##### **3.1. Renovasjonsanlegg (f\_RA)**

3.1.1. Renovasjonsanlegget skal vere felles for brukarane av småbåthamna.

##### **3.2. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (SMB1-2)**

3.2.1. Innanfor området SMB1 kan det anleggjast småbåtanlegg med flytebrygger og bølgjebrytarar med maksimalt 22 båtplassar.

3.2.2. Utforming av flytebryggja og/eller plassering av bølgjebrytarar skal vere i tråd med funna i bølgeanalysen frå NOOMAS datert 01.07.2016.

3.2.3. Det skal etablerast trinnfri overgang mellom SMS2 og SMB1. Flytebryggja skal ha trinnfri utforming innanfor SMS2.

3.2.4. Flytebrygga skal ha maksimalt eitt kontaktpunkt for ilandstiging til SMS2. Dette punktet skal vere i tråd med kontaktpunktet som er vist i illustrasjonsplanen.

3.2.5. Flytebrygge og/eller bølgjedempar skal ikkje plasserast nærare kai og båtutslepp i område SMS2, og naust i område BUN, enn 20 meter parallelt ut frå kaia og naustet i sørvestleg retning.

3.2.6. SMB2 er området for fortøyning i sjø.

3.2.7. Fortøyning av småbåtanlegget i sjø skal skje slik at tiltaket ikkje får unødige konsekvensar for ferdsel og fiske.

**3.2.7.1.** Forankring av småbåtanlegget / bølgjebrytarane skal ha tilstrekkeleg avstand frå registrert trålområde i Radsundet.

**3.2.7.2.** All fortøyning skal vere direkte til flytebryggjene/bølgjedemparane.

3.2.8. Biloppstillingsplassar for småbåtanlegget er på parkeringsplass f\_P.

3.2.9. Tiltak i sjø må utførast utanom torsken si gytetid mellom februar og april.

##### **3.3. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (SMS1-2)**

3.3.1. SMS1-2 er del av strandsona og landdelen av småbåtanlegget. Her er etablert kaier og båtopptrekk.

3.3.2. SMS1 og 2 skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Eksisterande kai og båtopptrekk skal ha uendra funksjon etter etablering av småbåthamna.

3.3.3. Ferdsel i strandsona skal ikkje hindrast. Det er ikkje tillat å etablere gjerde/levegg eller andre stengslar i strandsona.

3.3.4. Det må etablerast driftsrutiner/hamnereglement for avfallshandtering inkludert for miljøfarleg avfall.

3.3.5. Innanfor SMS1-2 skal det etablerast sløkkereiskap for brann.

- 3.3.6. På kaia skal det være tilstrekkeleg plass til å kunne snu med traktor i samband med snømåking.
- 3.3.7. Kaiområdet skal til ein kvar tid vere fri for objekt som ikkje er omtala i føresegna og som kan hindre tilkomst til og funksjon av kaiområdet.

#### **3.4. Naust (UNB)**

- 3.4.1. Naustet UNB skal vere eit bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate.
- 3.4.2. Mønehøgda skal vere under 5 meter målt frå topp ferdig golv.
- 3.4.3. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA).
- 3.4.4. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.
- 3.4.5. Naust bør ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°.
- 3.4.6. Naust skal ikkje vere innreia eller brukt til varig opphold som bustad / fritidsbustad.
- 3.4.7. Naust skal plasserast slik at det ikkje tek skade av høg vasstand. Ved høgdeplassering under kote +2,5 meter skal byggesøknaden dokumentere at naustet vert utført slik at det toler både spring- og stormflo.
- 3.4.8. Føremålgrensa for naust gjeld som byggegrense.

## **§ 4**

### **SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

(Pbl § 12-5. ledd nr. 2)

#### **4.1. Veg (o\_V1, V2)**

- 4.1.1.** Vegen o\_V1 er etablert, kommunal og offentleg.
- 4.1.2.** Vegen o\_V1 skal ha ein breidde på minst 3,0 m.
- 4.1.3.** Utkøyrsla V2 tilhøyrar gnr 129 bnr 21 og 48.

#### **4.2. Annan veggrunn- teknisk anlegg (f\_AVT1, o\_AVT2 -4)**

- 4.2.1.** Kan nyttast til naudsynte grøfter, skjeringar, fyllingar, murar m.m.
- 4.2.2.** Murar over 1 meter skal terrasserast.
- 4.2.3.** Eksisterande avkjørsler kan gå igjennom «annan veggrunn – tekniske anlegg»

#### **4.3. Parkeringsplassar (f\_P)**

- 4.3.1.** Innanfor f\_P skal det etablerast parkeringsplass med totalt 7 plassar.
- 4.3.2.** Innanfor f\_P skal minimum av 1 av 7 parkeringsplassar vere tilrettelagt for rørslehemma.
- 4.3.3.** f\_P er felles for dei som til ein kvar tid har båtfesterettar innafor SMB og eigar av gbnr. 129/57.
- 4.3.4.** Avfallsbil skal til ein kvar tid kunne snu inne på f\_P.

### **§ 5**

#### **GRØNTSTRUKTUR**

(Pbl. § 12-5. ledd nr. 3)

#### **5.1 Grøntstruktur (BG)**

- 5.1.1** BG er avsett til grøntstruktur.
- 5.1.2** I område for grøntstruktur er oppføring av nye bygningar ikkje tillate.

### **§6**

#### **OMSYNNSONER**

(Pbl. § 12-6.)

#### **6.1 Frisikt (H140)**

- 6.1.1** I frisiktona H140 er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for fri sikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.